



## Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogji@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no

Grasdøl Skule  
v/Irene Hystad Hugaas  
Grasdøl  
5918 Frekhaug

*Wopi*

Dykkar ref:      Vår ref:      Saksbehandlar:  
2018/1            2018/1            Langeland Frode

10.01.2018

### Tilsynsrapport

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) gjennomførte tilsyn etter ferdigstilling av tilbygg den 09.01.2018 ved Grasdøl Skule .

Tilsynet vart utført i medhald av Lov av 14. juni 2002 nr 20 (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13 andre ledd og Forskrift av 17. desember 2015 nr 1710 (forskrift om brannførebygging) §§ 14–22.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert etter krav i forskrift om brannforebygging og HMS-lovgivinga.

Til stade ved tilsynet:

For eigar:                    Erik Knag Johannesen  
                                      Ronny Landaas  
For verksemd/bruker: Irene Hystad Hugaas  
Vaktmeister:                Arild Hestdal  
For brannvesenet:         Frode Langeland

### Innleiing

Føremålet med tilsyn er å vurdere om eigar/verksemd/brukar av objektet arbeider systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenets side vart det lagt vekt på å foreta ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av utbroten brann. Vi gjer dykk merksam på at dette ikkje er fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil/manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om brannførebygging jf. §§ 4–13.

Tilsyn omfattar blant anna undersøking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann
- at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for redning- og sløkkjeinnsats
- at internkontroll ved verksemda er føremålstenleg på sikkerheitsområdet
- at vedlikehaldsrutinane vart utført



Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannforebyggjande avdeling  
NGIB  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

### Omfang:

Det vart gjennomført branntilsyn/befaring 09.01.2018, etter ferdigstilling av **tilbygg** ved Grasdal skule. Konsept AS har vore engasjert av Nævdal Yrkesbygg AS i forbindelse med utarbeiding av overordna brannteknisk prosjektering. Denne vart nytta som underlag ved tilsynet for å få verifisert at dei branntekniske krava er gjennomført som beskrive i brannkonseptet. I sammøtet vart det informert om at ny forskrift vart gjeldande frå 01.01.2016 «forskrift om brannforebygging med veiledning», frå same tid vart (FOBTOT) utfasa. For å gjere dykk kjent med den nye forskrifta, kan denne lastast ned frå [dsb.no](http://dsb.no) eller [lovdata.no](http://lovdata.no)

### Generelt:

Tilbygget er om lag 550m<sup>2</sup>, deler av dette går over 2 etasjar har god planløyising med oversiktlege rømmingsvegar. Alle klasserom er plassert i første etasje med rømmings moglegheit til korridor, sekundært kan ein nytta vindauga. Vestibylen utgjer hovedrømmingsvegen i andre etasje, denne leier til intertrapp frå personalavdelinga til utgang i første etasje og fører til det fri gjennom hovedinngang. Alternativ rømmingsveg ved brann kan terrassen frå kantina nyttast. Høgda her er under 5 meter, ved synfaringa var det einighet om at ein kan leggja til rette for sikker evakuering ved å nytta stige som kan hengast på rekkverket.

### Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

- Utette kabelgjennomføringar i brannvegg (over himlingsplater) i korridor (rømmingsveg) mot klasserom i 1 etasje. Det same gjeld for gjennomføring i etasjeskilje over himlingsplate, frå 1 til 3 etasje (ventilasjonsrom).
- Manglande branntetting i forbindelse med kabelgjennomføring frå korridor til rom 163, og 166. (arbeid utført av elektrikar).
- Manglande merking av kabel/røyr gjennomføringar.

Framføring av rør, ventilasjonsrør og el-kablar som inneber at ein tar hol i branncellebegrensande bygningsdelar skal ha ein slik tetthet, at bygningsdelen hindrar speiding av brann – og røykgassar. Det vert stilt krav til sporbarhet av alt arbeid som er utført vedkommande branntetting.

Utført branntetting skal dokumenterast i form av ein arbeidsrapport og gjennomføringar skal merkast med ein etikett som skal innehalda kva type produkt som er nytta, brannmotstand, i tillegg til dato og signatur på personen som har utført arbeidet. Når det gjeld arbeidsrapporten så skal denne vera implementert i den utarbeida FDV dokumentasjon.

- Dør av Type Nordic (ikkje merka brannklasse) gjeld rom 105. (står som avvik inntil eigar/brukar får avklart dette med leverandøren).
- Dør til vaskerom (eiga branncelle) i første etasje, usikkert om denne har brannklasse (ikkje merka). Det same gjeld for døra til grupperom.



Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling  
NGIB  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

- Rømmingsvegen frå gymnastikksalen/garderobe som leier ut i korridoren ved det gamle rektorkontoret er kledd med brystningspanel. For å eliminera brannbelastninga kan panelet enten fjernast eller at det vert påført brannhemmande måling.

#### **Definisjonar:**

##### **AVVIK:**

Brot på krav fastsatt i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

##### **MERKNAD:**

Forhold som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**KOMMENTARAR:** Utfyllande opplysningar om avvik eller funn som beskriv dei faktiske forholda ved objektet.

#### **Merknader:**

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

- Det må utarbeidast ny risikovurdering etter ombygginga, samt oppgradering av brannteikningar.
- Oppslag som syner maks persontal i gymsalen (nytta som forsamlingslokale ved tilstellingar)
- Døra til sekretærkontoret i andre etasje kan med fordel vendast slik at denne endrar slagretning, døra har slagretning inn i rommet og er til ulempe for dei som har sin arbeidsplass der.
- Varmtvannsbereider montert i vaskerom 1 etasje er av Type OSO med produktnummer **800 0502**, denne type bereder har feil i ein elektrisk komponent som utgjør fare for att brann kan oppstå. Beredere med oppgitt produktnummer som er produsert i perioden, frå 2006 til 2017 har denne feilen. (sjå vedlegg til rapporten)
- Skap for oppbevaring av elevmaskiner er plassert i korridoren i 1 etasje, opplading av datamaskinene foregår både på dag og nattetid. Eigar/brukar kan finna andre løysingar/rutinar for lading av dette utstyret, spesielt for lading nattetid.
- Ved tilsynet vart det registrert ein aluminiumsstige som vert nytta som tilgang til ventilasjonsrommet, her må ein finna ei anna permanent løysing som er trygg og sikker å bruka. Til orientering kan nevntast at ventilasjonsrommet skal ikkje nyttast som lagerplass.





Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling  
NGIB  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

#### **Andre forhold:**

#### **Fastsetjing av persontal.**

For å berekne kapasiteten (persontalet) legg ein til grunn samla fri breidde på rømmingsvegane, og utgongar for å avgjere fastsetjing av persontalet. Vurderinga er gjort ut frå preakseptert løysing som er beskrive i TEK 10.

#### **Rømmingsvegar frå gymnastikksalen :**

- 1 rømmingsveg a 180 cm breidde (Ny glassdør mot sør)
- 1 rømmingsveg a 200 cm «» (eksisterande dør)

Samla breidde på rømmingsvegar 3,8 meter.

***Rømmingsvegane mot nord (kjøkken) og aust (gamle rektorkontor) har ei breidde på 0,9 m og er ikkje teke med i berekninga. Krav til rømmingsbreidde for byggverk i risikoklasse 3-5 og 6 skal være minimum 120cm.***

***Gymstikksalen er her definert som forsamlingslokale i risikoklasse 5 ettersom denne vert nytta ved ulike arrangement, persontalet er variabelt.***

#### **Golvareal:**

Ved berekning av naudsynt golvareal for personar i forsamlingslokale trekkjer ein frå arealet publikum ikkje har adgang til, eller som ikkje er ein naturleg del av interne rømmingsvegar som toalett, scene og liknande.

**Brutto golvareal vert rekna i m2 pr. person, jfr § 11-13 tab 3 TEK 10.**

- Forsamlingslokale utan faste sitjeplassar 0,6m<sup>2</sup>
- ved kombinasjon av sitjande og ståande personar 1,0m<sup>2</sup>

Arealet i gymnastikksalen er oppgitt til å være ca 330m<sup>2</sup>, underståande syner kva som vert grensa for lovleg antall personar i lokalet.

- Ståplassar 330/0,6 - 550.
- Blanding 330/1,0 - 330.

Når det gjeld gangpassasje, eksempelvis ved (blanding) oppsetjing av stolar/benkerader skal det være fri breidde mellom desse på min 1,2 m.

Dersom det vert/er aktuelt med overnatting på skulen i forbindelse med gjestebesøk av musikkorps og liknande, skal det lokale brannvesen ha melding om dette.



Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling  
NGIB  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

### **Oppsummering/avsluttande møte**

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.

Det var einigheit om at eigar/verksamd/bruker finn løysing for å retta opp merknader og avvik som er anført i rapporten.

### **Attendemelding**

Med tilvising til forskrift om brannførebygging jfr. § 18 og retting for myndigheitsutøving ved tilsyn utført av brannvesenet, ber vi om ein skriftleg attendemelding med framdriftsplan som syner korleis og når påpeika avvik/merknader vil verta retta.

**Framdriftsplan skal sendast innan 27.04 2018 til:**

**NGIB Førebyggjande avdeling  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ**

Med helsing

**Nordhordland og Gulen interkommunale  
brannførebyggjande avdeling**

**NGIB**

**Brannsjef**

**i**

**Lindås, Meland og Modalen kommunar**

---

Langeland Frode  
Branninspektør

---

Karl Johannes Romarheim

Vedlegg: 1